



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Lindås - 106/6 - Fanebust - frådeling av grunneigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 17.02.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen for ovanfornemnde tiltak.

Det vart gjeve administrativt avslag på søknad om frådeling av ny bustadtomt i vedtak datert 30.04.2019 i sak 19/69 i tidlegare Lindås kommune.

Avslaget på søknad om dispensasjon og vedtak om frådeling av ny bustadtomt med etablert bustadhus (hus nr. 2 på eigedomen) vart påklaga av tiltakshavars representant, Kålås Bygg AS, innan rett tid den 12.07.2019.

I møte den 30.10.2019, sak 111/19, gav Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune klagar medhald.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 26.11.2019.

Klagen frå Fylkesmannen i Vestland om dispensasjon og vedtak om frådeling av ny bustadtomt med etablert bustadhus (hus nr. 2 på eigedomen) vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der Lindås kommune sitt vedtak datert 30.10.2019 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing



Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KÅLÅS BYGG AS Torvhusmyrane 2 5913 EIKANGERVÅG

Lars Arne Kolås Fonnebostvegen 170 5955 Lindås

Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG